



Årsmelding 2021

Naustdal Båtlag har pr. 31.12.21 156 medlemmar. Det stod 56 personar på venteliste for tildeling av båtplass. Av desse er det 47 personar med adresse i tidlegare Naustdal kommune og 9 personar med adresse i andre områder.

Styret har hatt 3 styremøter sidan førre årsmøte. Styret har handsama 8 saker. Det har også vore ein del møteverksemd i høve årsmøtet. Arbeidet i styret har vore organisert for å tilfredstille laget sitt føremål slik det er formulert i § 3 i lov for SA Naustdal Båtlag. Driftsåret 2021 var eit ordinært driftsår utan dei store investeringane. Vi har montert fire nye brygger og ny landgang i Austre hamn, men desse vart kjøpt inn i 2020.

Båtlaget har eit stabilt medlemstal. Det er venteliste for båtplassar og plassar som vert ledige vert raskt overtekne av medlemmer på venteliste. Det er størst interesse for 6 og 8- meters plassar. Det er omsett tre åttemetersplassar, og ein firemetersplass.

Rekneskapen til båtlaget vert ført av Naustdal rekneskapskontor, i godt samarbeid med kasserar i båtlaget. Det økonomiske resultat av drifta i 2021 viser eit årsresultat etter avskrivning på kr. 61.656. Styret er tilfreds med dette resultatet.

Det vart i 2021 gjennomført ein stor dugnad i samband med utskifting av bryggjer i Austre hamn. Det var ei kjekk samling av medlemmar og godt oppmøte. Det vart også gjennom året gjennomført fleire mindre dugnadar.

Det vert stadig plassert boss, gamle batteri, øydelagt fiskeutstyr etc. i båthamna. Det er synd at nokon opptrer på ein slik måte. Nokon må då bruke tid på å rydde etter andre. Styret oppmodar derfor alle til å ta med seg boss enten heim, eller til godkjent avfallsmottak.

Tillitsvalde i Naustdal båtlag i 2021.

Styret:

Leiar:	Daniel Stave	på val 2022
Nestleiar:	Roy Arne Flo	på val 2023
Skrivar:	Arnt Ole Ramsdal	på val 2023
Kasserar:	Jan Dahlberg	på val 2022
Styremedlem:	Helge Stølsvik	på val 2022
<i>Revisor:</i>	Bjørn Olav Erdal	på val 2023
	Egil Gulholm	på val 2022
Valnemnd:	Kjartan Kroknes	på val 2023
	Harald Myklebust	på val 2022

Hamnesjefar

Steinar Lothe har vore hamnesjef. Han har hatt spesielt ansvar for køyring av båtvogna på slippet.

Styret har også jobba med å finne enda ein hamnesjef.

Hamnesjef har vore kalla inn til nokre styremøte. Hamnesjefane har ikkje stemmerett i styremøter.

Hamnesjefane har kvar motteke kr. 1.000,- i godtgjersle for telefonbruk mv.

Godtgjersle til tillitsvald

Leiar og kasserar i båtlaget har motteke ei godtgjering på 5000. Dei øvrige styremedlemmar har kvar motteke kr. 1000,- i godtgjersle for telefonbruk mv.

Kjøp og sal av båtplassar

Det har vore omsett 4 båtplassar i 2021.

Det står 56 på venteliste for kjøp av båtplass.

Dieselanlegget.

Frå 1. januar 2018 har Farsund og Naustheller drifta dieselanlegget.

I 2020 vart det gjennomført ei større oppgradering på dieselanlegget. Det vart derfor einigheit mellom båtlaget og Farsund og Naustheller om å sette den årlege leiga til kr 0,- for åra 2021-2026.

Denne avtala er no overteken av Knapphus Energi.

Det har vore ein del driftsproblem med dieselanlegget gjennom året.

Møte med Naustdal kommune

Representantar frå styret har gjennom året vore på fleire møter med Sunnfjord kommune i samband med oppgradering av området Sanden.

SMS varsling

Båtlaget kan no tilby SMS varsling til medlemmane. Det kan for eksempel vere aktuelt i samband med forhold i båthamna, uvær etc. eller ei påminning om årsmøte, dugnad mv. Ordninga er gratis for medlemmane. Ønskjer du SMS varsling må styret ha ditt mobilnummer. Send ein SMS til styret ved Daniel Stave, mobil [908 35 306](tel:90835306) og skriv i meldinga «Ønskjer varsling» og ditt namn.

Heimeside/Facebook

Styret vil oppmode medlemmane om å sende inn forslag til kva informasjon som bør vere aktuelt å leggje ut på heimesida.

Båtlaget har også ei side på Facebook.

For styret



Daniel Stave

- Leiar-